

Beinmjøl – ein viktig ressurs for landbruket

Det vert i dag produsert beinmjøl av alt slakteriavfall frå godkjente slakta dyr, og slakteriavfall som ikkje vert nytta til annan produksjon. Beinmjølet vert nytta til fleire ting, og kan mellom anna brukast som gjødsel.

Ragnvald Gramstad
Jæren Forsøksring



Iblanding og omrøring av beinmjøl i open gjødseltank med tynn blautgjødsel fungerer bra.

Foto: Jæren forsøksring

Det er nå tillete å bruka beinmjøl som gjødsel både i open åker og til eng og beite. Ver merksam på at det er 3 veker sperrefrist etter bruk på eng og beite.

Utsjånad og konsistens

Beinmjølet har ein utsjånad og konsistens som grovt kraftfôr. Det er turt og støvar litt. Beinmjølet kan leverast i bulk eller i 1100 kilos storsekk. Mjølet kan hentast direkte frå anlegget på Grørdaland i Hå kommune. Prisen levert frå fabrikk er 10 øre per kg.

Næringsinnhald

Jæren Forsøksring var tidleg ute med utprøving og forsøk på dette produktet. Næringsinnhaldet per 100 kg vare og 97% tørrstoff er: Nitrogen (Kjeldal-N) 8-9%, fosfor 4,5-5,7%, kalium 0,3-0,4%, kalsium 9,5-11,5% og magnesium 0,2%.

Dette betyr i praksis at vi har eit gjødselprodukt som er rikt på N og P. I tillegg er beinmjøl ei kalsiumkjelde.

Gjødselverdi

Tek vi omsyn til næringsinnhald og vurderer dette opp mot verdien av mineralgjødsel, finn vi raskt ut at gjødselverdien per 100 kg vare vil vera 80-100 kroner. Det betyr i praksis at dersom ein kan nytta beinmjøl som ein del av gjødsla på garden, kan dette vera ei økonomisk god løysing.

Praktiske og faglege tilhøve ein bør ta omsyn til

Beinmjøl er ein viktig ressurs, men ikkje under alle forhold. Spesielt med omsyn til at mykje av landbruksjorda i vårt område (Jæren) har god fosfortilstand. Ja, i nokre høve vert det, fagleg sett, heilt feil å tilføra beinmjøl av den grunn. Det er likevel viktig å sjå dette som ein ressurs, og vurderer bruk av beinmjøl der tilhøva ligg til rette for det. Det er viktig å drøfta dette nærare med forsøksringen i samband med utarbeiding av ny dyrkings- og gjødslingsplan.

Praktisk bruk

Erfaringane med beinmjøl som gjødsel både i open åker og til eng er klart positive. Utfordringa er større med omsyn til å få spreia produktet. Nokre har nytta kalkvogn, medan andre har blanda beinmjølet opp i blautgjødsel før utspreiing. Det er nok det siste alternativet som har fungert best i praksis. Spesielt iblanding og omrøring i ein open gjødseltank med tynn blautgjødsel gir bra resultat.

Dosering må tilpassast i kvart enkelt tilfelle, men eit utgangspunkt kan vera eit blandingsforhold på eks. 100 kg beinmjøl til 3 tonn blautgjødsel. I spesielle tilhøve der ein treng tilførsel av mykje fosfor (ny jord) kan ein gå opp i nærare 200 kg per 3 tonn blautgjødsel.

Ta kontakt med forsøksringen om du vil drøfta dette nærare.